

Kunnskap

- God kunnskap om andre rettstradisjonar enn dei vestlege, og då særleg kinesisk og islamsk rettsrettshistorie.
- Kunnskap om framveksten av føyodalrett, territorialrett og styringssystem i Europa 500-1100
- God kunnskap om studiet av romersk rett og kanonisk rett, om norsk og europeisk lovgjeving 1100-1400
- God kunnskap om utviklinga av ein merkantil rett og kontraktsrett 1000-1600
- Særleg god kunnskap om ulike rettsordenar sin internasjonale og transnasjonale karakter 500-1600
- God kunnskap om naturrett og samfunnskontraktstenking, menneskerettar og den fyrste konstitusjonelle perioden 1600-1800
- God kunnskap om forfatningsstaten, velferdsstaten og totalitære statar sine konstitusjonelle strukturar 1800 til i dag
- God kunnskap om kontraktsrettsutviklinga og marknadsregulering 1700 til i dag.
- God kunnskap om arbeids- og selskapsrettsutviklinga 1800 til i dag.
- Særleg god kunnskap om internasjonalisering og transnasjonalisering av retten 1600 til i dag, og postkolonialisme 1945 til i dag.

Dugleikar

- God evne til å arbeida seg kronologisk bakover for å finna det historiske opphavet til dagens rett
- God evna til å arbeida seg kronologisk framover for å konkludera om konsekvensane av historiske hendingar
- God evne til å finna og drøfta likskapar i historiske fenomen
- God evne til å finna og drøfta ulikskapar i historiske fenomen
- Særleg god evne til å identifisera, halda opp mot kvarandre og analysera kunnskapskjelder
- Særleg god evne til å dekonstruera og kritisk drøfta legitimiteten til og verdien av kunnskapskjelder
- Særleg god innsikt i rettsstaten sine grunnstrukturar
- Særleg god evne til å samanfatta og framstilla kunnskap på ein klar måte

Generell kompetanse

- Innsikt i å identifisera og ordna kronologisk årsak-verknadsrelasjonar
- Innsikt i å syntetisera hendingar til større samanhengar og utviklingslinjer
- Kompetanse til å kritisk drøfta og problematisera samanhenger over tid (årsak-verknadsrelasjonar) og i tema (syntetiserte hendingar)
- Særleg kompetanse til å finna relevante, tolka og harmonisera kjelder
- Særleg god erfaring med å arbeida i grupper for å løysa felle oppgåver
- Særleg kompetanse til å skriva ein større tekst etter akademisk standar for kjeldebruk og -tilvisingar
- Særleg kompetanse til å formidla i klart språk